



# Møteprotokoll

**Utval:** Stølsheimen verneområdestyre

**Møtestad:** Digitalt møte

**Dato:** 14.06.2022

**Tidspunkt:** 10:00 - 11:00

## Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Sigbjørn Hauge	Leiar	Voss herad
Kristina Vakt skjold Hamre	Medlem	Vestland fylkeskommune
Marta Sofie Vange	Medlem	Vik kommune
Petter Sortland	Medlem	Høyanger kommune

## Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Liv-Anne Aanesen	Nestleiar	Modalen kommune

## Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Kjetil Eikefet	Liv-Anne Aanesen	Modalen kommune

## Merknader:

Møtet vart gjennomført digitalt på Teams.

## Andre frammøtte:

Namn

Anbjørg Nornes

sekretær / verneområdeforvaltar

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Sigbjørn Hauge

Kjetil Eikefet

## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 22/22	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 23/22	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 24/22	Orienteringar og referatsaker		
RS 5/22	Dispensasjon - delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - helikoptertransport for utsetting av basestasjonar for bjøllesystem		2022/4778
ST 25/22	Stølsheimen landskapsvernområde - Finnen - gjenoppbygging av naust - gnr. 68 bnr. 2		2022/6147

### ST 22/22 Godkjenning av innkalling og dagsorden

#### Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 14.06.2022

##### Behandling

Det vart lagt til nye orienteringssaker i møte.

##### Vedtak

Innkalling og dagsorden vart godkjent med tilføyning av orienteringssaker.

### ST 23/22 Val av styremedlem til å skrive under protokollen

#### Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 14.06.2022

##### Behandling

Framlegg på Kjetil Eikefet til å skriva under protokoll.

##### Vedtak

Kjetil Eikefet vart valt til å skriva under møteprotokollen saman med styreleiar.

## **ST 24/22 Orienteringar og referatsaker**

### **Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 14.06.2022**

#### **Behandling**

Status på tiltaksplan og bruk av tiltaksmidlar vart lagt fram i møte til orientering. Fleire av tiltak på planen vert ikkje gjennomført på grunn av mangel på personalressursar.

Orientering om status for tilsetting av vikar for forvaltar som er i permisjon.

#### **Vedtak**

##### **Tiltaksplan**

Planen vart tatt til orientering.

##### **Tilsetting av vikar for forvaltar i Stølsheimen verneområdestyre**

Styret ber om at det vert fortgang i tilsettingsprosessen, slik at vikar for forvaltar kjem på plass. Styret registrere at dei ikkje har vorte kontakta av Statsforvaltaren for å finne løysing på arbeidsoppgåvene til forvaltar i permisjonstida jf. vedtektene til verneområdestyret. Forvaltar vidareformidlar dette til Statsforvaltaren i Vestland.

## **ST 25/22 Stølsheimen landskapsvernområde - Finnen - gjenoppbygging av naust - gnr. 68 bnr. 2**

### **Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 14.06.2022**

#### **Behandling**

Vedtak i samsvar med innstilling.

#### **Vedtak**

Stølsheimen verneområdestyre gjev Lars Finden løyve til å bygge opp att naustet i Finnen, gnr. 68 bnr. 2 i Vik kommune. Løyve er gjev med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde punkt VI nr. 2.

Løyvet gjeld med fylgjande vilkår:

- Naustet skal byggjast opp att på murane der det gamle naustet stod.
- Naustet skal ha om lag same ytre mål som det gamle naustet, og det skal ha same utforming, i tråd med byggeteikning datert 01.04.2022. Grunnmuren skal byggjast som tørrmur med naturstein.
- Bygget skal setjast opp som eit grindbygg. Grindbygget skal tilpassast terrenget. For å få tilpassa bygget til terrenget, kan det gjerast små justeringar av fundamenteringa i forhold til teikningane i søknaden.
- Takvinkel skal vera lik det gamle bygget. Grunnflata skal vera 10,9 meter i lengde og 6,2 meter i breidde. Høgda på grindene i nordenden av bygget skal vera ca. 2,75 meter, og høgda på grindene i sørenden av bygget skal vera ca. 2,2 meter.

- Bygget skal ha ståande høvla kledning, tilsvarande kledningen som var i det gamle bygget. Kledninga skal gå ned på grunnmuren.
- Bygningsdelar som er tatt vare på frå det gamle naustet og som kan brukast opp att, skal gjenbrukas i nytt naust.
- Det skal leggjast torvtak på naustet. Torv skal hentast lokalt. Stad for torvuttak skal avklarast med verneområdeforvaltar
- Dersom det vert endringar på planlagt arbeid, skal verneområdestyret vurdera om eventuelle endringar krev ny godkjenning.
- Rapport med bilde av naustet skal sendast til sekretariatet når arbeidet er slutført.

Dersom arbeidet ikkje har starta opp innan 3 år frå vedtaksdato, må det søkjast om nytt løyve til tiltaket.